




SUND KOMMUNE

Rådmannen



Det Kongelige Kunnskapsdepartement
Barnehageavdelingen
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Sakshands.: ABF
Direktetlf.: 56339631

Vår ref.: 2007002516-1
Arkiv: N-211

Dykkar ref.:

Dato: 18.12.2007

HØYRING OM ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til endringar i barnehagelova på høyring. Forslaget omfattar:

- Innføring av lovfesta rett til barnehageplass.
- Innlemming av statstilskota til barnehagar i inntektssystemet til kommunane.
- Finansiering av ikkje kommunale barnehagar.
- Innhenting av naudsynte data i barnehagesektoren.

Innføring av lovfesta rett til barnehageplass:

Sund kommune støtter forslaget frå departementet om lovfesta rett til barnehageplass for alle barn som har fylt eitt år, dersom målet om full barnehagedekning er nådd. Retten skal tre i kraft i 2009 og må i utgangspunktet gjelde frå barnehageåret startar 15. august. Det vil seie at det bør være eit hovudopptak med oppstart 15. august og supplerande opptak gjennom året. Sund Kommune hatt god erfaring med denne ordninga gjennom fleire år og ser det ikkje naudsynt å innføre eit ekstra, ressurskrevjande hovudopptak. Ventetid for tildeling av plass bør ikkje overskride 5 månader.

Høyringsforslaget inneber at kommunen får eit utvida ansvar for barnehageverksemda, og må derfor i større grad få være med å styre utviklinga av tilbodet. I framtida blir det viktig at kommunen får større muligheit enn i dag til å bestemme kor det skal etablerast barnehagar ut ifrå behov og forventa bustadbygging for å unngå overetablering.

Det må og takast omsyn til at det i periodar kan være ei overdekning av barnehageplassar for å kunne tilby plass ved behov. Dette må det kompenseras for gjennom statlege overføringar av ressursar.

Kommunen må sjølv finne det reelle behovet for barnehageplassar i sin kommune og kunne tilpasse driftsformene til lokale forhold. Tilbod om deltids- og heildagsplassar må vurderast opp mot økonomi.

Adresse:
Postboks 23
5371 SKOGSVÅG

Tlf.: 56 32 75 00
Fax.: 56 32 75 01

Org.nr.:
964 338 809

Giro:
3470.09.50850

Giro skatt:
78550512458

Tilgjengeleg tilbod:

Departementet ber om høringsinstansane sitt syn på om det er ei rimeleg avveging mellom familiens rett til eit godt barnehagetilbod og kommunen sitt behov for fleksible samarbeidsløysingar.

I Sund Kommune er dei kommunale barnehagane organisert etter skulekrinsane, noko som gjev trygge rammar, kontinuitet og tilhøyring i lokalmiljøet for familiane. I store kommunar med mange aktørar på marknaden kan det være vanskeleg å gjennomføre denne ordninga, der må det leggast vekt på at barnehageplassen er tilgjengeleg for foreldre og føresette og ligg i nærleiken til barnets heim. Eit samordna opptak vil være med på å sikre eit tilgjengeleg tilbod. Rett til barnehageplass blir i høringsforslaget knytt opp mot eit tilbod innan kommunegrensa. Denne avgrensinga finn rådmann som hensiktsmessig, kommunar som grensar til kvarandre kan samarbeide over kommunegrensa ved ledig kapasitet.

Sund Kommune støtter forslaga til ny lovtekst §12a og §13

Innlemming av statstilskota til barnehagar i inntektssystemet til kommunane.

Rammefinansiering:

Høringsforslaget legg opp til overgang til rammefinansiering av barnehagedrifta når full barnehagedekning er innført.

Ved rammefinansiering vil kommunane står fritt til å prioritere tenestetilbodet etter lokale behov og utifrå dei nasjonale føringane som er gitt. Det er derfor viktig at rammefinansieringa skjer på ein slik måte at det tar høgde for:

- at kvaliteten på tenestene blir oppretthalden i tråd med dei krav som vert stilt i lov og nasjonale føringar.
- at det vert kompensert for variasjonar i utgiftsbehovet for kommunar med stor tilflytting og auke i tal på barn i barnehagar gjennom året.
- at det vert kompensert for auka utgiftsnivå ved drifting av små barnehagar i grisgrendte kommunar.
- at barn med særskilt behov for hjelp blir ivareteke, barn med nedsett funksjonsevne og minoritetsspråklege barn.
- at det blir sikra full utgiftsdekning for kvar enkelt kommune.
- at det i periodar kan være ei overdekning av barnehageplassar for å kunne tilby plass ved behov.
- at rammetilskotet vert indeksregulert i takt med lønsutviklinga i barnehagesektoren.
- at rammetilskotet kompenserer for inntektstap i samband med etablering av barnehageplass for barn under 3 år. Det blir kompensert for dette gjennom auke i statstilskott for barn under 3 år, men tap av foreldrebetaling blir det ikkje kompensert for.
- at det ordninga med investeringstilskott blir vidareført, eller at det blir lagt inn ein faktor i rammetilskotet for å sikre naudsynt fornying .


Finansiering av ikkje- kommunale barnehagar:

Sund Kommune foreslår at alternativ 1, §14 *kommunalet tilskudd til godkjente ikkje-kommunale barnehager*, vert velt.

Innhenting av naudsynte data i barnehagesektoren.

Sund Kommune støtter forslaga til ny lovteks §5a, §7 og §8.

Med helsing


Gerhard Inge Storebø
Rådmann